



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 21.09.2017
Møtestad: Nordbygda skule - gymsal
Møtetid: 12:00 - 16:30

Øyvind Brandtun orienterer om arbeidet med Fensfjorden VGS frå ca kl 14.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kurt Henning Oppedal	H	Bjarte Andvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
046/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/2017	Godkjenning av møtebok
048/2017	Revidert kraftfondsbudsjett 2017
049/2017	Optikar Christel Daae as - søknad om støtte gjennom kraftfondet
050/2017	Sandnesbutikken - søknad om lån gjennom kraftfondet
051/2017	Etablering av nytt øvings- og kompetansesenter for GMBR
052/2017	Revisjon av vedtekter SFO
053/2017	Utbyggingsavtale Liarinden
054/2017	Finansrapportering pr. 2.tertial/31.08.2017
055/2017	Referatsak
056/2017	Økonomisk rapportering pr. 2.tertial/31.08.2017
057/2017	Søknad om utvida serverings- og skjenkeløyve for Snikkarbua
058/2017	Kommunal finansiering av Masfjordbrua

Referat frå dialogmøte mellom elevar på Nordbygda skule og kommunestyremedlemmene i samband med kommunestyremøte 21.09.17

Det var ønskje om at skulen skulle få jamlege tilbakemeldingar på saker det vart stilt spørsmål om i dette møtet og som det ikkje vart gjeve tilfredstillande svar på.

8. klasse:

Sikkerhet i Hostelandstunnelen

Ordførar bad om at spørsmålet vart sendt inn skriftleg. Han gjorde og greie for kva dialog som var halde mellom vegvesenet / fylkeskommunen og Masfjorden kommune tidlegare. Han sa at kommunen så langt ikkje har nådd fram i sine ønskje om lys / kvitmaling. Han forklarte og at det er Hordaland fylkeskommune som «eig» tunnelen på Hosteland sidan han er ein del av fylkesveg 571.

Sikkerhet overgang frå byggefeltet og til skulen

Ordførar svara at ein hadde prøvd å få gangfelt men at ein har fått avslag. Dette er grunn- gjeve med at det er få personar som går over vegen her i følgje ei teljing som vegvesenet har utført. Fastdump er avvist då Vegvesenet meiner det er tryggare å krysse vegen utan gangfelt / fartsdump.

9.klasse:

Vedlikehald av Nordbygda skule

Ordførar svara at det var gjort ein del investeringsprosjekt på Nordbygda skule. Desse er vedteke utført gjennom investeringsbudsjettet. Små utbetringar må takast over driftsbudsjettet og det rår ikkje kommunestyret over. Rådmannen vart oppfordra til å skjerpe opp rutinene på dagleg driftsoppgåver.

10.klasse

Samanslåing av ungdomskulane

Ordførar sa at ein vedtok ein skulebruksplan for ca 3 år sidan der ein ikkje skulle slå saman ungdomsskulane. Han har og fått med seg at det i ettertid har kome sterke signal om å slå saman ungdomsskulane på Sandnes og Nordbygda både frå foreldre og elevar. Rådmannen får i oppdrag å sjå på dette på nytt.

046/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Det vart gjort framlegg om Egil Kvingedal og Torill Torsvik Størkersen til å skrive under møteboka. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 046/2017 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

047/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Jon Hope (KrF) viste til vedtaka i sakene 028 og 029/2017 der framlegg til vedtak vart samrøystes (15 røyster) vedteke og spurte om det ikkje var vanleg å skrive kva parti / representantar som stemde for vedtaket.

Rådmannen svara at ein skulle sjå på dette.

I etterkant av møtet har ein klargjort følgjande rutine:

Ved røystingar som ikkje er samrøystes eller der eit eller fleire framlegg vert røysta opp mot kvarandre skal det gå fram av protokollen kva parti / representant som røysta for eller mot framlegget(a).

Ved samrøystes vedtak der kommunestyret ikkje er fulltalege vil protokollen for saka vise tal representantar tilstade under røystinga mens framsida av protokollen vil vise kva representant(ar) som var fråverande under røystinga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 047/2017 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyret 22.06.17 vert godkjend men denne endringa:

- **framsida må rettast når det gjeld kven av representantane som var fråverande i starten av møte-**

048/2017: Revidert kraftfondsbudsjett 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Årsbudsjettet 2017 for Masfjorden kraftfond vert justert og vedtatt slik;

		Budsjett
		2017
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000
	Unyttta fondsmidler frå 2016 tilført 2017 budsjettet	-820 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-80 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	Sum inntekter	-3 720 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2017	400 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	10 000
	Tilrettelegging bustadforemål	400 000
	Elevbedrift/grundercamp	10 000
	mobil/breibandsdekning	400 000
	Andre næringsstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	160 000
	Frie fondsmidler til fordeling	790 000
	Sum utgifter	3 720 000

12.09.2017 KRAFTFONDSSTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 009/2017 VEDTAK:

Årsbudsjettet 2017 for Masfjorden kraftfond vert justert og vedtatt slik;

		Budsjett
		2017
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000
	Unyttta fondsmidler frå 2016 tilført 2017 budsjettet	-820 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-80 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	Sum inntekter	-3 720 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2017	400 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatorordninga	10 000
	Tilrettelegging bustadføremål	400 000
	Elevbedrift/grundercamp	10 000
	mobil/breibandsdekning	400 000
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	160 000
	Frie fondsmidler til fordeling	790 000
	Sum utgifter	3 720 000

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

ny post i budsjettet:	Ungdomsråd	kr 10 000
	Sertifikatorordninga auka får kr 10 000 til	kr 30 000
	Frie fondsmidler minka til	kr 760 000

Rådmannen sa at med den kursinga som ein la opp til i samband med sertifikatorordninga, ville støtta kome til utbetaling først i år 2018. Sak om Ungdomsrådet kjem i neste møte med sikte på oppstart i 2018. Dette vil då vere finansiert gjennom budsjettet for neste år.

KrF trakk sitt framlegg.

Egil Kvingedal (V) stilte spørsmål om samarbeidet med GMU når det gjeld elevbedrift og grundercamp. Rådmannen sa at ein skulle invitere GMU til å orientere kommunestyret om deira arbeidet. Skifte av dagleg leiar i GMU gjer at arbeidet med grundercamp vart utsett.

Oppvekstleiar Alf Strand orienterte om arbeidet som er gjort for å etablere eit ungdomsråd i kommunen.

Rådmannen har sett på sett på spørsmålet om ungdomsråd på nytt. Kommunestyret er tidlegare orientert om at det viser seg vanskeleg å leggja arbeidet som koordinator for ungdomsrådet til ein av dei tilsette i MOT utan å frigjera dei for deler av den jobben dei elles har i kommunen.

Rådmannen meiner det er viktig at ungdomsråd blir etablert på nytt. Ein tenkjer seg at ein kan setja saman eit ungdomsråd med t.d. to representantar frå kvar skule. I startfasen kan desse to utnemnast frå elevrådet på kvar skule, men når arbeidet i rådet er kome skikkeleg i gang, må ungdomsrådet sjølv avgjera korleis representantane skal veljast. Det mest

demokratiske er at dei blir valde mellom ungdomskuleelevane på kvar skule der alle elevane i ungdomssteget har røyserett. I denne omgang tenkjer ein ikkje å ta med ungdommar i alderen 16-19 år.

Kommunestyret må vedta retningslinjer for arbeidet i ungdomsrådet. I praksis kan det gjerast slik at kommunestyret vedtak mellombels retningslinjer slik at ungdomsrådet kan komma i gang med arbeidet sitt. Etter ein prøveperiode kan retningslinjene evaluerast av ungdomsrådet og evt. endrast.

Rådmannen set av administrativ ressurs til ein kontaktperson som får i oppgåve å ta seg av og leia arbeidet i ungdomsrådet.

Rådmannen legg fram sak for kommunestyret i møtet 30.oktober slik at arbeidet med å etablere eit ungdomsråd i Masfjorden kan komma i gang over nyttår.

Saka vart utsett til etter sak 049/2017 og 050/2017.

Etter vedtak i ovannemnde saker gjorde rådmannen følgjande framlegg til endring i framlegg til vedtaket:

tilrettelegging bustadføremål blir juster frå 400 000 til 350 000
fri fondsmidlar til fordeling blir justert frå 790 000 til 840 000

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - 048/2017 VEDTAK:

Årsbudsjettet 2017 for Masfjorden kraftfond vert justert og vedtatt slik;

		Budsjett
		2017
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000
	Unyttta fondsmidler frå 2016 tilført 2017 budsjettet	-820 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-80 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0
	Sum inntekter	-3 720 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2017	400 000
	Kraftspel, annonsering tomter/profilering av kommunen/div	200 000
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	10 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	0
	Tilrettelegging bustadforemål	350 000
	Elevbedrift/grundercamp	10 000
	mobil/breibandsdekning	400 000
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0
	Landbrukstiltak	0
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0
	Etableringstilskot	160 000
	Frie fondsmidler til fordeling	840 000
	Sum utgifter	3 720 000

049/2017: Optikar Christel Daae as - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

1. Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.
2. Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 150.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018
5. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

12.09.2017 KRAFTFONDSSTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Optikar Christel Daae møtte til denne saka og orienterte som søknaden til kraftfondet.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til endring i pkt 2:

Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 200 000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.

Framlegg til vedtak med endringa frå H vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 010/2017 VEDTAK:

1. Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.
2. Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 200.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018
5. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - 049/2017 VEDTAK:

1. **Optikar Christel Daae as får eit tilskot med kr. 40.000 gjennom kraftfondet til etablering av optikerverksemd, samt sal av briller, linser m.m., og det som naturleg høyrer saman med dette.**
 2. **Optikar Christel Daae as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 200.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.**
 3. **Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr**
 4. **Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018**
 5. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**
-

050/2017: Sandnesbutikken - søknad om lån gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

1. Sandnesbutikken as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsføremål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
3. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

12.09.2017 KRAFTFONDSSTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 011/2017 VEDTAK:

1. Sandnesbutikken as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsføremål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
3. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - 050/2017 VEDTAK:

1. **Sandnesbutikken as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsføremål.**
 2. **Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr**
 3. **Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018.**
 4. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker**
-

051/2017: Etablering av nytt øvings- og kompetansesenter for GMBR

Rådmannen sitt framlegg:

1. Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.
2. Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane.
3. Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

12.09.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Brannsjef Sigvald Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 075/2017 VEDTAK:

1. Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.
2. Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane.
3. Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

John Torsvik (H) stilte spørsmål om han var inhabil i saka sidan han er medeigar i eit av selskapa som tilbyr tomt til øvings- og kompetansesenteret for GMBR. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik av habil.

Rådmannen la fram følgjande framlegg til endring i framlegg til vedtak:

2. Kostnadsramma med etablering er sette til kr 200 000,- for kvar av kommunane. Masfjorden kommune sin del vert finansiert over driftsbudsjettet.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - 051/2017 VEDTAK:

1. **Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lokalt i Gulen eller Masfjorden kommune.**
 2. **Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane. Masfjorden kommune sin del vert finansiert over driftsbudsjettet.**
 3. **Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.**
-

052/2017: Revisjon av vedtekter SFO

Rådmannen sitt framlegg:

Frå 1. januar 2018 vert satsane for ekstra timar i SFO auka frå kr 25 til kr 50 kr time for born som har plass i SFO og frå 35 til kr 75 pr time for dei som ikkje har plass. Frå same dato vert det innført kr 100 pr. barn pr. mnd i betaling for måltid i SFO.

12.09.2017 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 071/2017 VEDTAK:

Frå 1. januar 2018 vert satsane for ekstra timar i SFO auka frå kr 25 til kr 50 kr time for born som har plass i SFO og frå 35 til kr 75 pr time for dei som ikkje har plass. Frå same dato vert det innført kr 100 pr. barn pr. mnd i betaling for måltid i SFO.

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.
Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.
Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 052/2017 VEDTAK:

Frå 1. januar 2018 vert satsane for ekstra timar i SFO auka frå kr 25 til kr 50 kr time for born som har plass i SFO og frå 35 til kr 75 pr time for dei som ikkje har plass. Frå same dato vert det innført kr 100 pr. barn pr. mnd i betaling for måltid i SFO.

053/2017: Utbyggingsavtale Liarinden

Rådmannen sitt framlegg:

1. Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget, datert 6.9.2017 – men med justering slik at teksten samsvarer med anleggsbidragsmodellen
2. Utbyggingsavtalen bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen
3. Kommunal økonomisk medverknad utover pkt. 2 er knytt til ordninga med etableringstilskot, kor tal reelle bustadtomtar og sum etableringstilskot jf ordninga for etableringstilskot dannar grunnlag for tilskot og kommunal økonomisk medverknad
4. Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 2 år frå vedtaksdato.

21.09.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 082/2017 VEDTAK:

1. Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget, datert 6.9.2017 – men med justering slik at teksten samsvarer med anleggsbidragsmodellen
2. Utbyggingsavtalen bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen
3. Kommunal økonomisk medverknad utover pkt. 2 er knytt til ordninga med etableringstilskot, kor tal reelle bustadtomtar og sum etableringstilskot jf ordninga for etableringstilskot dannar grunnlag for tilskot og kommunal økonomisk medverknad
4. Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 2 år frå vedtaksdato.

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 053/2017 VEDTAK:

1. **Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget, datert 6.9.2017 – men med justering slik at teksten samsvarer med anleggsbidragsmodellen**
 2. **Utbyggingsavtalen bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen**
 3. **Kommunal økonomisk medverknad utover pkt. 2 er knytt til ordninga med etableringstilskot, kor tal reelle bustadtomtar og sum etableringstilskot jf ordninga for etableringstilskot dannar grunnlag for tilskot og kommunal økonomisk medverknad**
 4. **Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 2 år frå vedtaksdato.**
-

054/2017: Finansrapportering pr. 2.tertial/31.08.2017

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapporteringa pr. 2. tertial 2017 vert teken til vitring

21.09.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 083/2017 VEDTAK:

Finansrapporteringa pr. 2. tertial 2017 vert teken til vitring

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 054/2017 VEDTAK:

Finansrapporteringa pr. 2. tertial 2017 vert teken til vitring

055/2017: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Grunngjevne spørsmål:

Jon Hope (KrF):

Vegen Haugsdal - kryss E39

Etter at Masfjordtunnelen vart opna 7.desember 1995 vart vegen frå Haugsdal og opp til krysset med E39 overført frå riks til kommunal veg. Om det ved denne overføring vart gjort ei oppgradering i form av nytt vegdekke, hugsar eg ikkje. Men det syner seg at vegen no er svært nedsliten.

I sommar har vegen og fått ei ekstra belastning, for i samband med at det vart lagt nytt vegdekke på E39 frå krysset ved Haukeland til Nipa i Lindås, vart all oljegrusen køyrt opp Haugsdal på lastebilar. Bilane returnerte ned Masfjordtunnelen og på fylkesvegen attende til Haugsdal. Dermed vart det den kommunale vegen som fekk den største belastninga.

I tillegg til dette skal den kommunale vegen no nyttast som omkøyingsveg i samband med oppgraderinga av Masfjordtunnelen.

KrF sitt spørsmål vert difor: Kan kommunen stilla krav ved slik ekstra belastning av vegen, og i tilfelle, kan då kommunen få tilført stats- eller fylkesmidlar til utbetringa?

Ordførar svara at kommunevegen frå Haugsdal bru og opp til Haukeland var offentleg veg og eit eventuelt kommunalt vedtak om nedsett akseltrykk ville gå utover anna nyttetraffikk i Haugsdalen. Han lova å ta kontakt med vegvesenet for ei eventuelle støtte til vedlikehald i samband med at kommunevegen skal nyttast som omkøyingsveg ved oppgradering av Masfjordtunnelen.

Wenche Dâe (Sp):

Spørsmålet gjeld sak med dokumentID 17/1293 rapport frå tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule, Nordbygda skule.

Rapporten kjem med fleire avvik og merknader etter tilsynet som var i februar, og rapporten seier at skulen ikkje er godkjent etter "forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler m.v."

Senterpartiet lurar på kva som er blitt gjort med dei ulike avvika og merknadane, og om det er laga noko framdriftsplan for å ordne opp i avvika.

Me lurar og på når arbeidet med ventilasjonsanlegg i gamleskulen skal byrje.

Rådmannen svara at det er gjeve tilsvaret på rapporten frå skulen si side der det er gjort greie for kva avvik som alt er lukka og ein handlingsplan for korleis ein skal lukke resten. Ventilasjonsanlegget i gamleskulen vert ei investeringssak som må finansierast gjennom ei budsjett- / økonomisak som vert vedteken av kommunestyret.

Torill Torsvik Størkersen (Ap):

Kva for nokre rutinar har kommunen for å sikre rasfarlege kommunale vegar? - og kva skal til for å sikre dei?

Ved den kommunale vegen i Ytre Haugsdal, vart det tatt ned store blokker 13 år tilbake.

Bebuarane langs vegen meiner og er redd for at det er fleire blokker som vil komme ned.

Mindre steinar er komen ned og det er skog som veks vilt utover vegen, også med røter ned i dette blokkssystemet. Dette er ein skuleveg, og bebruarane er bekymra for om vegen er sikker.

Dei har tatt kontakt med teknisk i sommar, ved fleire høve. Men har ikkje fått attendemelding om vegen er trygg. Kva rutinar har teknisk etat ved slike bekymringsmeldingar?

Ordførar svara at det ved slike bekymringsmeldingar vert sendt ut mannskap frå teknisk etat for ein visuelle kontroll.

Spørsmål til ordførar:

Janne Judith K Sandnes (FrP) stilte spørsmål om rutiner rundt fritak frå verv i kontrollutvalet når arbeidssituasjonen no gjorde det vanskeleg for deira medlem å møte. Rådmannen svara at ein etter lovverket berre kunne gje fritak når grunngjevinga var helserelatert eller at medlemmen hadde flytta frå kommunen. I denne situasjonen må medlemmen melde forfall til møte og det må kallast inn vara.

Referatsak:

- Skriv 1: Skatt tom mai
- Skriv 2: Skatt tom juli
- Skriv 3: Årsmelding for NGIR 2016
- Skriv 4: Kjøpekontrakt Fensfjordbygg - signert
- Skriv 5: Informasjon om endringer i ekteskapsloven - Kommunale vigsler
- Skriv 6: Avgrensa høyring - ny arealbruk - Nytt Matre kraftanlegg - Masfjorden kommune
- Skriv 7: Terapibading i Masfjorden kommune
- Skriv 8: Endret kontorstruktur i Skatteetaten
- Skriv 9: Høring - Forskrift for forsøk med tiltaket VTA
- Skriv 10: Konferanse Velferdsteknologi 07.11.2017
- Skriv 11: Saksliste til Regionråd 2-2017
- Skriv 12: Bredbåndstilskudd 2017
- Skriv 13: Overslag på ferjeavløysingsmidlar i samband med førehandsavklaring

Orientering frå rådmannen:

Rådmannen orientert om at det vert folkemøte på kommunehuset 17.okt kl 19:00 i samband med reguleringsplan for Masfjordbrua som no er på høyring.

I samband med at formannskapet i møte den 12.09.2017 har gjort vedtak om å leggje reguleringsplan for bru over Masfjorden ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, inviterer Masfjorden kommune til ope folkemøte. Møte vert på kommunehuset tysdag 17.oktober klokka 19:00. Føretaket ABO Plan & Arkitektur AS vil då orientere om reguleringsplanen, og det vert opna for spørsmål og drøftingar.

Plandokumenta er og å finna på Masfjorden kommune sin heimesider www.masfjorden.kommune.no, med lenke til braPLAN. Søk på plan-id 1266-20140002, under dokumenter. Merknader til planframlegget må det sendast brev innan fristen den 1.november 2017 til Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes eller til post@masfjorden.no.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 055/2017 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

056/2017: Økonomisk rapportering pr. 2.tertial/31.08.2017

Rådmannen sitt framlegg:

Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring

21.09.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 085/2017 VEDTAK:

Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 056/2017 VEDTAK:

Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring

057/2017: Søknad om utvida serverings- og skjenkeløyve for Snikkarbua

Rådmannen sitt framlegg:

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for eit tilleggslokale Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avløyssar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet til Snikkarbua i Kvingo næringsbygg vil da - medrekna eksisterande løyve - omfatte:
 - Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m2.
 - Tilstøytande lokale ca. 50 m2 med glasstak og vegger rundt.
 - Tilleggslokale på 242 m2 som vist på vedlagt teikning.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
Det er eit vilkår at det vert matsservering i alle lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.
8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.

Heimel

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.

21.09.2017 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 086/2017 VEDTAK:

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for eit tilleggslokale Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avløyssar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet til Snikkarbua i Kvingo næringsbygg vil da - medrekna eksisterande løyve - omfatte:
 - Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m2.
 - Tilstøytande lokale ca. 50 m2 med glasstak og vegger rundt.
 - Tilleggslokale på 242 m2 som vist på vedlagt teikning.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
Det er eit vilkår at det vert matsservering i alle lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i

tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.

8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.

Heimel

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Wenke Fredheim Ekren sa seg inhabil i saka sidan ho er i slekt med søkar. Det vart samrøystes vedteke at Ekren var inhabil.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke med 15 røyster mot 1 røyst (Jon Hope, KrF) .

KS - 057/2017 VEDTAK:

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for eit tilleggslokale Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avlørsar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet til Snikkarbua i Kvingo næringsbygg vil da - medrekna eksisterande løyve - omfatte:
 - Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m2.
 - Tilstøytande lokale ca. 50 m2 med glasstak og vegger rundt.
 - Tilleggslokale på 242 m2 som vist på vedlagt teikning.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
Det er eit vilkår at det vert matsservering i alle lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.
8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.

Heimel

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.

058/2017: Kommunal finansiering av Masfjordbrua

Rådmannen sitt framlegg:

21.09.2017 KOMMUNESTYRET

Under kommunestyremøte den 21.09.2017 vart ordførar oppringt (kl 14.50) av eit fylkesutvalsmedlem kring fylkesutvalssak PS 225/2017 **Ferjeavløysingsordninga - status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt** med spørsmål om Masfjorden kommune kunne ta på seg finansiering av KS2 jf elles saka som fylkesutvalet (jf vedlegg) hadde opp til handsaming. Eit samla kommunestyre slutta seg til dette.

KS - 058/2017 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver kr 700 000 til å finansiere ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjekt Masfjordbrua.

Rett utskrift av møteboka frå kommunestyret 21.09.2017 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Egil Kvigedal
Kommunestyremedlem

Torill Torsvik Størkersen
kommunestyremedlem